



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	15.12.2016
Tid:	14:00 – 18:35

Medlemer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Rakel Anett Gjelseth	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Thor-Sigmund Garvik	Medlem	FRP
Dag Kåre Nærø	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK

Forfall:

Bjørn Otterlei	MEDL	H
Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK

Varamedlemer som møtte:

Jan Arve Drabløs	Bjørn Otterlei	H
Rolf Arne Nilsen	Frank Roy Moltu	FOLK

Andre: Rådmann Olaus Jon Kopperstad

Politisk sekretær Brit Berge

Økonomileiar Geir Egil Olsen

Edel Kvalsund Goksøyr hadde permisjon frå kl. 14:00 til kl. 15:15 og kom til møtet i pausen under handsaming av K-sak 204/16.

Birgitte Sævik Pedersen møtte som vara.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy hadde permisjon frå møtet frå kl. 14:00 til kl. 16:10 og kom til møtet Under handsaming av K-sak 207/16.

Jan Arve Drabløs møtte som vara og heldt fram som vara for Bjørn Otterlei som ikkje møtte. Han hadde ikkje meldt avbod.

Linn Therese Sævik kom til møtet kl. 14:10, under opninga.

Svein Gjølseth kom til møtet kl. 16:30, under handsaming av K-sak 211/16.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiararen vart desse valde:
Margaret Leinebø og Kjell Runde.

Skriv delt ut i møte:

K-sak 195/16- Ny side 4 i rapport

K-sak 204/16 – Møtebehandling RFF og eldrerådet

K-sak 206/16 – Årsmelding og rekneskap Herøy frivilligsentral

K-sak 207/16 – Merknader frå arbeidstakarorganisasjonane

K-sak 216/16 – Møtebehandling RFF og eldrerådet

K-sak 217/16 – Epostar vedk. fristar

K-sak 218/16 – Tilråding i formannskapet 15.12.2016

Orienteringar:

Ordføraren orienterte om nyleg motteken informasjon frå politimeisteren på Sunnmøre om at lensmannskontoret på Eggesbønes skal bestå.

underskrifter

Margaret Leinebø

Arnulf Goksøyr

Kjell Runde

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 191/16	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 192/16	Protokoll frå førre møte.
PS 193/16	Delegerte saker
PS 194/16	Referatsaker
PS 195/16	Forvaltningsrevisjonsrapport - barnevern - tiltak, tilsyn og rutinar
PS 196/16	Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019
PS 197/16	Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019
PS 198/16	Feie og tilsynsgebyr 2017
PS 199/16	Gebyrregulativ for Slamtøming 2017.
PS 200/16	Avfallsgebyr 2017
PS 201/16	Gebyrregulativ 2017 - Avlaupsgebyr.
PS 202/16	Avgiftssatsar for brøyting av private vegar 2017
PS 203/16	Endring av budsjett 2016
PS 204/16	Budsjett 2017 og Økonomiplan 2017-2020. Tredje handsaming
PS 205/16	Fosnavåg kino, avslutning av digitaliseringsprosjektet
PS 206/16	Årsmelding og rekneskap Herøy frivilligsentral 2015
PS 207/16	Etiske prinsipp for politikarar og tilsette i Herøy kommune - revidert 2016
PS 208/16	Heid tursti - sluttrekneskap
PS 209/16	Permisjon frå politisk verv - Dag Kåre Nærø
PS 210/16	Økonomisk avslutning. Kjøp av brannbil, tankbil og laust utstyr til Herøy Brann og redning.
PS 211/16	Økonomisk avslutning av prosjekt 51150 - Mjølstadneset industriområde etappevis utbygging
PS 212/16	Økonomisk avslutning av prosjekt: "51320 Leidningsanlegg Berge."
PS 213/16	Økonomisk avslutning av prosjektnr. 51925 - RA2 Klubben
PS 214/16	Beredskapsplan

PS 215/16	Val av møtefullmektigar i forliksrådet 01.01.2016 - 31.12.2019
PS 216/16	Sak om fullkostpris i heildøgnsbemanna omsorgsbustadar
PS 217/16	Intensjonsavtale mellom Herøy og Sande.
PS 218/16	Tilsetjing rådmann i Herøy kommune

Delegerte saker frå avdelingane

DS 362/16	Gnr 42 bnr 1 - Frådeling av nausttomt
DS 363/16	Mellombels bruksløyve - 26/233
DS 364/16	Frede Uldbæk - 87/15 - Brygge
DS 365/16	Gnr 20 bnr 9 - Frådeling av eksisterande bustad
DS 366/16	Statoil Fuel & Retail Norge as - 37/258 - nye skilt
DS 367/16	Mellombels bruksløyve - 80/30 - seksjon nr 1 og 2
DS 368/16	Gnr 45 Bnr 163 Ferdigattest

Referatsaker

RS 45/16	F-sak 268/16. Tenestestruktur i Politiet - høyringsuttale.
RS 46/16	AMU-sak 33/16 Særutskrift Sjukefråvær 2. tertial 2016
RS 47/16	AMU-sak 32/16 Særutskrift Rusmiddelpolitikk og AKAN-arbeid Delegerte saker frå avdelingane
DS 369/16	Skifte av stedfortredar ved Thon hotel Fosnavåg Referatsaker
RS 48/16	AMU-sak 30/16 Særutskrift HMS-handbok - Overordna HMS-plan for Herøy kommune

PS 191/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 192/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 193/16 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 194/16 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 195/16 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - BARNEVERN - TILTAK, TILSYN OG RUTINAR

Møtebehandling:

Korrigert side 4 i rapporten vart delt ut i møte.

Reidun Myrvågnes AP kom med framlegg om slikt til pkt. 3 i tilrådinga:
...og kommunestyret

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Barnevern – tiltak, tilsyn, rutinar - Herøy kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 10.11.2016).

2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:

1. Barnevernstenesta må følgje opp rutinene i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsførar gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at borna får det tilsynet dei har krav på.
 2. Det må vurderast om regelverket vert følgt når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking.
 3. Det må etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
 4. Det må etablerast rutiner som sikrar at politiattestar vert innhenta og oppbevart i samsvar med regelverket.
 5. Rapporteringa til Fylkesmann og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane Av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet og kommunestyret innan innan **01.06.2017**.

PS 196/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019

Møtebehandling:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Kommunestyret vedtek følgjande forvaltningsrevisjonsprosjektområde i planperioden 2016 -2019 (ikkje prioritert rekkjefølgje):
 - Barnehage/grunnskule/PPT – tidleg innsats
 - Barnevernstenesta – oppfølging
 - Helse/pleie/omsorg – kvalitet/avviksrapportering
 - Helsesøster/psykiatri/rus – kvalitet/tenestetilbod
 - Brannvern – organisering
 - KOSTRA - rapportering
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å prioritere og spesifisere prosjekt, og eventuelt leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.

PS 197/16 PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019

Møtebehandling:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Kommunestyret vedtek plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016 - 2019 i samsvar med utgreiinga, og at denne gjeld inntil ny plan ligg føre.

PS 198/16 FEIE OG TILSYNSGEBYR 2017

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2017 vert sett til kr 242 + mva pr. abonnent.
2. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannforebygging av 17. desember 2015.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

PS 199/16 GEBYRREGULATIV FOR SLAMTØMING 2017.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar vert vedteke uendra frå 2016 til 2017. Dvs. at gebyret i 2017 vert sett til kr. 925.- for tankvolum inntil 6 m³. for traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%. Eventuelt overskot vert å plassere på sjølvkostfond for slamtøming av private slamavskiljarar.
2. Vedtaket er gjort med heimel i lov av 31. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) §34.

PS 200/16 AVFALLSGEBYR 2017

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. I medhald av forureiningslova § 34 fastset Herøy kommunestyre følgjande gebyr for standardabonnement for renovasjon gjeldande for 2017:

Type abonnement	Gebyr pr. abonnement 2017	Merknad
Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå Henting annakvar veke	Kr 3.141,60	+ mva.
Standard abonnement, sekk Sekkeløysing – 30 sekkar Henting annakvar veke	Kr 3.141,60	+ mva.
Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 18 sekkar	Kr 2.731,20	+ mva.
Abonnement – nedgravd løysing	Kr 3.141,60	+ mva.

2. Kommunestyret vedtek i tillegg Gebyrregulativ 2017 med unntak av slamtømningsgebyret som vert vedteke i eiga sak.
3. Vedtaket gjeld fram til det vert gjort nytt vedtak.

PS 201/16 GEBYRREGULATIV 2017 - AVLAUPSGEBYR.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Herøy kommunestyre vedtek nytt gebyrregulativ for avlaupsgebyr for Herøy kommune med verknad frå 01.01.2017, jfr. Vedlagt forslag til Gebyrregulativ for avlaup 2017.
2. Dette vedtaket er gjort med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.mai 1974.

PS 202/16 AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR 2017

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Brøyteabonnentane skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på 278 kroner.

2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 129 kroner pr. gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 78 kroner.

PS 203/16 ENDRING AV BUDSJETT 2016

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

	Opp/ned	Sum	*)
Konto 18700 (skatt på inntekt og formue), ansvar 9013 og funksjon 800	ned	6 500 000	1*
Konto 18000 (rammetilskott), ansvar 9013 og funksjon 840	opp	7 900 000	2*
Konto 19050 (aksjeutbytte), ansvar 9011 og funksjon 870	ned	320 000	3*
Konto 14901 (saldering budsjett 2016), ansvar 9017, funksjon 880	ned	1 080 000	4*
Konto 18100 (statstilskott), ansvar 1271, funksjon 120 og spesifikasjon 12904	opp	1 112 000	5*
Konto 14700 (betaling til andre) ansvar 1271, funksjon 120 og spesifikasjon 12904	opp	1 112 000	
Konto 18101 (øyremerka statstilskott), ansvar 2221, funksjon 202	opp	1 290 000	6*
Konto 10100 (fast løn), ansvar 2221, funksjon 202	opp	380 000	
Konto 10900 (pensjon), ansvar 2221, funksjon 202	opp	50 000	
Konto 10990 (arb gj avgift), ansvar 2221, funksjon 202	opp	65 000	
Konto 15500 (avs til bunde fond), ansvar 2221, funksjon 202	opp	795 000	
Konto 17000 (refusjon frå staten), ansvar 2272 funksjon 202	opp	2 570 000	7*
Konto 10100 (fast lønn), ansvar 2272, ansvar 213	opp	810 000	
Konto 10108 (tillegg), ansvar 227, funksjon 213	opp	40 000	
Konto 10900 (pensjon), ansvar 2272, funksjon 213	opp	100 000	
Konto 10990 (arb gj avgift), ansvar 2272, funksjon 213	opp	140 000	
Konto 11303 (datakommunikasjon), ansvar 2272, funksjon 213	opp	150 000	
Konto 11208 (diverse utgifter), ansvar 2272, funksjon 213	opp	200 000	
Konto 11900 (husleige), ansvar 2272, funksjon 222	opp	150 000	
konto 15500 (avsetning til bundefond), ansvar 2272, funksjon 202	opp	980 000	
Konto 18300 (tilskott frå fylket), ansvar 7011 funksjon 256	Opp	3 050 000	8*
konto15400 (avsetning til disp fond), ansvar 9017, funksjon 880	Opp	3 050 000	

PS 204/16 BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020. TREDJE HANDSAMING

Møtebehandling:

Folkelista/SP heldt gruppemøte.

Bjarne Kvalsvik, Folkelista/SP kom med slikt framlegg til endring i tilrådinga:

	2017	2018	2019	2020
Byutvikling	5.000	5.000		

Ressurssenter	5.000	5.000
---------------	-------	-------

Byutvikling vert redusert med 10 mill.

Herøy ressurscenter opp 10 mill. investering.

Framlegget fekk 6 røyster.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2017 (runda av til næraste kr 5.000,-).

Område	Netto Budsjett 2017	Netto budsjett 2016
Pol. Leiing	4.050	3.845
Adm leiing	3.380	3.430
Servicetorget	2.960	3.420
Dokumentsenter og pol. Sekr.	2.180	2.110
Økonomiavd	5.650	5.570
Pers og org. avd	7.810	7.455
IKT	6.760	6.040
Overføringar til andre	13.260	12.030
Barnehageavdelinga	67.140	66.100
Skuleavdelinga	113.090	110.115
Barn, familie og helse	38.800	39.590
Pleie og omsorgsavd.	109.315	107.510
Bu- og habilitering	40.970	39.055
Sosial og flyktning	9.800	9.115
Kulturavdelinga	8.620	8.890
Utviklingsavdelinga	21.930	22.195
Eigedomsavdelinga	18.880	19.230
Samhandlingsreforma, Mottak	(1.180)	0

+ kr 115.000 verneutstyr brannvern

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattetre for år 2017.
3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.
4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
 - a. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2017. Kr 2.730,- for heil plass + matpengar kr 350,-.
 - b. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarende kommunale leigeobjekt. Dersom

husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.

c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.

d. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
(Pr. 1.5.16 er 1 G kr. 92.576,-

- Timepris: kr 360,- (kr 250,- i 2015 – under 2 G har ein timepris på 186,-)
- 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra)
- 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra)
- 4-5 G – kr 2.100,- per mnd (Uendra)
- Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra)

e) Leige tryggjeleksalar kr 320,- per månad (kr 300,-).

f) Korttidsopphald institusjon kr 147,- pr døgn (uendra)

Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

g) Dagplass ved institusjon kr 77,- pr dag (uendra).

Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.

h) Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 80,-)

i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)

j) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til
kr 1.948,- (kr 1.900,- per døgn i 2016).

k) Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.400,- (kr 3.300,-) gjeldande frå 01.08.2017

l) Betaling for sal av dirigenttimar til kor for vaksne, kr 315,- per time (kr 300,-), gjeldande frå 01.08.2017

m) Betaling for sal av dirigenttimar til korps for vaksne, kr 265,- per time (kr 250,-), gjeldande frå 01.08.2017

n) Betaling for andre tenester i kulturskulen, opp 4% gjeldande frå 1. august 2017

o) Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.500,- (kr 2.430,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.055,- per mnd (1.992,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.455,- (kr 1.412,-).Ferie SFO aukar med 3%. Alt gjeldande frå 01.08.2017

p) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming og gebyrsatsane for byggesakshandsaming, oppmåling, planarbeid etc vert fastsett for 2017 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.

q) Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nevnt over aukar med 3,0%

5. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2016, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2017.

6. Budsjettet for 2017 fører til slike nye faste stillingsheimlar:
50% stilling jordmor

7. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.

Inntekter frå sal av kommunale bustadar skal avsettast på investeringsfond for reinvestering i nye bustadprosjekt kommunen er byggherre for eller deltakar i på anna vis.

8. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.

9. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggst fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).
10. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
11. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 42,1 mill for 2017. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
12. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.
13. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2017. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
14. Kommunestyret ber rådmannen om at finansreglementet og økonomireglementet vert revidert og lagt fram for politisk handsaming 1 halvår 2017
15. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
16. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2017 og økonomiplanen for perioden 2017-2020 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

PS 205/16 FOSNAVÅG KINO, AVSLUTNING AV DIGITALISERINGSPROSJEKTET

Møtebehandling:

Hilde Marie Brungot reiste habilitetsspørsmål. Ho er styreleiar i Fosnavåg Konserthus.

Ho går frå under handsaming av habilitet.

Hilde Marie Brungot vart samrøystes kjend inhabil etter KL §30, FVL §6, bokstav e.

Leiv Aarflot reiste habilitetsspørsmål. Han er styremedlem i Fosnavåg konserthus.

Han går frå under handsaming av habilitet.

Leiv Aarflot vart samrøystes kjend inhabil etter KL §30, FVL §6, bokstav e.

Komite for næring, kultur og idrett si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Kommunestyret vedtek innkjøp av backlineutstyr til Fosnavåg konserthus slik beskrive i saksframlegget og i fylgje vedlagte finansieringsoppsett

PS 206/16 ÅRSMELDING OG REKNESKAP HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2015

Møtebehandling:

Tilråding frå komite for næring, kultur og idrett vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Årsmelding og rekneskap for Herøy Frivilligsentral 2015 vert godkjend.

PS 207/16 ETISKE PRINSIPP FOR POLITIKARAR OG TILSETTE I HERØY KOMMUNE - REVIDERT 2016

Møtebehandling:

Merknader frå arbeidstakarorganisasjonane vart delt ut i møte.
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagde utkast til etiske prinsipp for folkevalde og tilsette i Herøy kommune.

Prinsippa kjem til erstatning for tidlegare retningslinjer vedtekne i K-sak 16/09 den 05.03.2009.

«Etiske prinsipp for politikarar og tilsette i Herøy kommune» skal evaluerast for kvar ny valperiode.

2. Formannskapet viser til merknader frå hovедtillitsvalde og bed om at desse vert innarbeidde i dokumentet.

PS 208/16 HEID TURSTI - SLUTTREKNESKAP

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Sluttrekneskapen for Heid tursti vert godkjent med ein totalkostnad på kr. 3 853 063

2. Mindreforbruket på kr. 211 014 vert overført til «Heida Vel» og øyremarka til nye folkehelseiltak langs Heid tursti

PS 209/16 PERMISJON FRÅ POLITISK VERV - DAG KÅRE NÆRØ

Møtebehandling:

Tilråding frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Dag Nærø får permisjon frå kommunestyret til 30.06.2017.

Det vert i permisjonstida nytta varamedlemsliste.

Dag Kåre Nærø held fram som personleg varamedlem til styret i Tussa Kraft AS til ny generalforsamling er avhalde i 2017.

PS 210/16 ØKONOMISK AVSLUTNING. KJØP AV BRANNBIL, TANKBIL OG LAUST UTSTYR TIL HERØY BRANN OG REDNING.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Rekneskapen for følgjande prosjekt: 51206 Branntankbil, 51308 Hovudbrannbil og 50157 Laust utstyr vert avslutta med eit samla forbruk på kr. 6.925.211. eksklusive meirverdiavgift.
2. Mindreforbruket på kr. 104.789, eksklusive meirverdiavgift, vert nytta til kjøp av utstyr til Herøy Brann og redning. Herøy Brann og redning treng m.a. hurtigkoplingar på meiser/luftflasker for å gjere rask innsats på skadestaden.

PS 211/16 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51150 - MJØLSTADNESET INDUSTRIOMRÅDE ETAPPEVIS UTBYGGING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Herøy kommune godkjenner prosjektrekneskapen for prosjekt 51150 med eit totalforbruk på kr. 9.231.211.
2. Overforbruk på kr 281.211 vert å finansiere med låneopptak

PS 212/16 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT: "51320 LEIDNINGSANLEGG BERGE."

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr. 4.977.676,-
2. Prosjektet er finansiert med tidlegare løyvingar til kloakkrammeplanprosjekt.

PS 213/16 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKTNR. 51925 - RA2 KLUBBEN

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Herøy kommune godkjenner prosjektrekneskapen for prosjektnr. 51925 med eit totalforbruk på kr 20 501 939.
2. Prosjektet er finansiert med tidlegare løyvingar til kloakkrammeplanprosjekt

PS 214/16 BEREDSKAPSPLAN

Møtebehandling:

Linn Therese Sævik, KrF kom med framlegg om slikt tilleggspkt. i tilrådinga:

Det blir valt vara for kriseleinga i Herøy kommune.

Desse blir med på øvingar som vert planlagde.

Det blir sett på muligheit for vaktordning og samarbeidsverktøy slik at Herøy Kommune til ei kvar tid har ei kriseleing på vakt.

Det vert fullskalaøvingar anna kvart år og ei mindre øving kvart år.

Formannskapet si tilråding med framlagt tillegg vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Beredskapsplan for Herøy kommune vert vedteken slik den ligg føre.

2. Kommunestyret gir kriseleiinga fullmakt til å nytte inntil kr. 1 000 000,- i akuttsituasjonar der det ikkje er tid å kalle saman formannskap eller kommunestyret.
3. Det blir valt vara for kriseleiinga i Herøy kommune.
Desse blir med på øvingar som vert planlagde.
Det blir sett på muligheit for vaktordning og samarbeidsverktøy slik at Herøy kommune til ei kvar tid har ei kriseleing på vakt.
Det vert fullskalaøvingar anna kvart år og ei mindre øving kvart år.

PS 215/16 VAL AV MØTEFULLMEKTIGAR I FORLIKSRÅDET 01.01.2016 - 31.12.2019

Møtebehandling:

Valnmenda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Som møtefullmektigar i forliksrådet 01.01.2017 – 31.12.2020 vert valde:

Roar Skoglund
Odd Rudolfson
Knut Tandberg

PS 216/16 SAK OM FULLKOSTPRIS I HEILDØGNSBEMANNA OMSORGSBUSTADAR

Møtebehandling:

Saka vert trekt. Ein ber om ny saksutgreiing.

PS 217/16 INTENSJONSAVTALE MELLOM HERØY OG SANDE.

Møtebehandling:

Tilråding frå formannskapet 15.12.2016 vart delt ut i møte.
Det vart halde gruppemøte
Kaja Runde, Folkelista/SP kom med framlegg om slik endring i tilrådinga:

Ved folkerøystinga til kommunesamanslåing bed me om at alle røystelokala i valkrinsane vert nytta.

Framlegget frå Folkelista/SP vart vedteke mot 2 røyster.

Formannskapet si tilråding med endring vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Kommunestyret vedtek å legge ut intensjonsavtalen datert 08.12.2016 fram for rådgjevande folkerøysting 27.februar 2017.

Kommunestyret vedtek at røystesretten skal fylgje vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommunestyreval (valgloven | 2-2, (1) og (2)). I tillegg har alle som fyl 16 år i løpet av valåret røysterett gitt at dei for øvrig oppfyller vilkåra.

Folkerøystinga er avgrensa til dei som bur innanfor kommunegrensa. Skjeringsdato for manntal er 15.12.2016.

Det vert røysta i alle røystekrinsane i Herøy kommune

Det vert opna for førehandsrøysting i perioda 16.1. – 24.02.2017. Ambulerande røysting og institusjonsrøysting som ved ordinære kommunestyreval.

Føresegnene i kapittel 10 i valloven om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokollering skal leggst til grunn så langt det er relevant.

Klagerett vert sett til 1 veke etter valdagen til valstyret.

Valstyret vert tillagt ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.

PS 218/16 TILSETJING RÅDMANN I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Ordføraren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Herøy kommunestyre tilset Olaus-Jon Kopperstad som rådmann i Herøy kommune frå 01.01-2017 til 31.12-2019. Løn er pt regulert i.h.t grunnbeløpet i folketrygda, og sett til 11G.

Ordførar får fullmakt til å inngå leiaravtale med rådmann.

MØTET SLUTT!

